



Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, telefon
Øyvind Vatshelle, 5557 2178

Vår dato
13.12.2017
Dykkar dato

Vår referanse
2017/10685 451.2
Dykkar referanse

Til kommunar som har meldt ønskje
om ekstra SMIL-midlar per desember 2017

Svar - Ekstraløyving SMIL 2017 - Tilskot til Spesielle miljøtiltak i jordbruket

Fylkesmannen i Hordaland har tidlegare fordelt ramme for SMIL-tilskot til alle kommunane i Hordaland. I løpet av november og desember har det vist seg at nokre kommunar ikkje brukar opp tildelt ramme. På bakgrunn av dette har Fylkesmannen omfordelt midlar i samråd med dei kommunane som ikkje brukar opp ramma. Første omfordeling blei gjort i brev av 24. november. I same brev blei det gjort kjent at det framleis var mogleg å melde nye behov i tillegg, med tanke på ny ekstraløyving.

Vedtak: Fylkesmannen i Hordaland gjer vedtak om ny tilleggsøyving for SMIL-midlar for 2017 til følgjande kommunar:

Kommune	Sum, kr	Merknad
ETNE	kr 44 180	Er alt brukt
TYSNES	kr 91 000	
KVINNHHERAD	kr 50 000	
ULVIK	kr 66 836	Derav er kr 55.356 alt brukt, og kr 11.480 er ledig
SAMNANGER	kr 9 000	
MELAND	kr 20 000	
<i>SUM</i>	<i>kr 281 016</i>	

Vi beklagar at det no blir særskilt kort tid til å handsame sakene! Fylkesmannen gjer merksam på at kommunen som vanleg må vurdere tiltaka etter vilkåra for tildeling av SMIL-tilskot. Det skal ikkje bli tildelt tilskot i strid med regelverket. Det er såleis også heilt i orden om kommunen ser at den tildelte ramma ikkje kan bli brukt.

Løyvingsvedtak og kopi av søknadsskjema må bli sendt til Fylkesmannen.

Siste frist for oversending til Fylkesmannen for løyvingar: fredag 15. desember.

Med helsing

Åse Vaag
Landbruksdirektør

Øyvind Vatshelle
seniorrådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.